

2022-02-02

© Nationen

All articles are protected by the copyright Act. Articles may not be distributed outside the organization without the approval of Retriever or the individual publisher.

Read article by clicking here.

ONSDAG 2. FEBRUAR 2022 • NATIONEN

MOTKULTUR • 17

### • Faglig snakka

# Erter og åkerbønner – stort potensial, men nokre flaskehalsar

**Ut frå agronomisk og klimatisk tilhøve er det eit potensial for betydeleg større produksjon av erter og åkerbønner i dei norske kornområda.**

**T**il dømes viser Nibio med Abrahamsen mfl. (2019), i «Muligheter for økt proteinproduksjon på kornarealene», at det er mogleg å dyrke åkerbønner på rundt 113.000 dekar og erter på 160.000 dekar i vekstskifte på dagens kornareal på 2,9 millionar dekar. Det gir eit estimert råvarevolum på 39.700 tonn åkerbønner og 54.500 tonn erter i året, mot dagens produksjon på høvesvis 6400 og 6600 tonn.

I ein nyleg publisert rapport, kalla «Meir norske proteinvekstar til fôr og mat», finansiert av Klima- og miljøprogrammet til Landbruksdirektoratet, har AgriAnalyse søkt å identifisere flaskehalsar gjennom verdikjeda for å realisere ein betydeleg større produksjon av erter og åkerbønner.

Analysen legg hovudvekta på verdikjeda for fôr, men også proteinvekstar til human konsum er drøfta. Det å kartlegge barrierar er sentralt for å utforme eventuelle tiltak som kan legge betre til rette for å utnytte meir av det agronomiske potensialet for vekstskifte med proteinvekstar.

**Omfanget av proteinvekstar dyrka i Norge**, er både relevant opp mot miljø og befruktning i norsk jordbruk og for driftsring kring sjølvforsyning og norskandelen i kraftfôret. Til dømes relatert til import og bruk av soya i kraftfôret.

**Det årlege forbruket av kraftfôrråvare i Norge** har dei siste åra vore dryge 2 millionar tonn. Ifølgje Landbruksdirektoratet utgjer karbohydratråvare størst del, vanlegvis innan storleikssorden 70–74 prosent, medan proteinråvare ligg på rundt 20 prosent.

**Resterande råvarer** er fett, mineral og vitamin. Ser ein på norskandelen i kraftfôret har den vore fallande utover 2000-talet, og har i dei seinare åra variert mellom 55 og 60 prosent. For var norskdelen langt høgare, og tidleg på 2000-talet låg den på godt over 70 prosent. Skil ein derimot mellom karbohydrat og protein på kor mykje norsk råvare utgjer, er det stor forskjell.

**På karbohydrat** utgjer norskdelen råvare over 70 prosent, medan norskandelen på protein ligg på kring 5 prosent.

**Det er rimeleg** eintydig at meir vekstskifte med erter og åkerbønner har positive agronomiske- og miljøeffektar, som betre jordhelse, forgrodeeffekt og redusert behov for mineralgjødsel og kjemisk plantevern. Ser ein det derimot opp mot sjølvforsyning og norskandelen i fôret som del av det samla fôrforbruk, er biletet langt meir nyansert og samansett.

**Høgare produksjonsvolum av åkerbønner og erter i vekstskifte med eit gitt kornareal vil gi betre dekning av norskprodusert protein i fôret.** Samstundes vil det og bety mindre karbohydrat frå kornarealet.



**Positive effekter:** Det er rimeleg eintydig at meir vekstskifte med erter og åkerbønner har positive agronomiske- og miljøeffektar, skriv Torbjørn Tufte. Foto: Mariann Tvette

### Protein

«Høgare produksjonsvolum av åkerbønner og erter i vekstskifte med eit gitt kornareal vil gi betre dekning av norskprodusert protein i fôret.»



Torbjørn Tufte er prosjektleiar i AgriAnalyse.

**Torbjørn Tufte**

**Difor om ein ser** på den samla sjølvforsyninga, så vert det meir eit spørsmål om prioritering mellom protein- og karbohydrattilgang som innsatsfaktor i norsk kraftfôr, framfor kor høg sjølvforsyning Norge har på fôr samla sett.

**Dersom ein derimot** ikkje er læst til dagens kornareal, men ser moglegheiter for å auka kornarealet, vert dette dilemmaet redusert monale, fordi det då er mogleg å både auka proteintilgangen og oppretthalde karbohydratmengda frå norske arealressursar.

**Uansett perspektiv** på desse ringverknaden, så teiknar seg eit tydeleg bilete av at dei største barrierane for å realisere ei markant auking av erter og åkerbønner fyrst og fremst ligg på primærleddet gjennom utfordringar kornprodusentane opplever.

**Risikoelement**, og spesielt at bøndene vurderer risiko for låge avlingar, står fram som ei hovudutfordring. I tillegg vert manglande kompetanse og erfaring blant kornprodusentane identifisert som ei betydeleg utfordring frå både kornbønder og Norsk Landbruksrådgiving.

**Vidare utover i verdikjeda** er kapasitetsutfordringar på levering, torking og sortering ein terskel som er utfordrande både for bonde og møllene. Særskilt på litt lengre sikt. Dersom det vert produsert langt større volum, er anleggsstruktur og pressa kapasitet på kornmottaka eit tilhøve møllene skildrar som ei potensiell utfordring.

**Det kan verte ein tydeleg flaskehals** for ei effektiv, rasjonell og god handtering av eit betydeleg større volum erter og åkerbønner.

**Sjølv om det** både er mindre tersklar

og større barrierar for å få etablert meir vekstskifte og høgare produksjonsvolum av erter og åkerbønner, er likevel hovudinntrykket at dette bør vere overkommelege utfordringar på sikt.

**Det er generelt ei innstilling i verdikjeda** om at det er mogleg å både realisere meir vekstskifte hjå kornprodusentane og bruke langt større råvarevolum i kraftfôrindustrien. Til dømes ser det ut som dei økonomiske rammevilkåra vert vurdert som fornuftige frå både kornprodusentane og industrien.

**Høvesvis få kornprodusentar** seier låg lønsemd er ein stor barriere for å bruke erter og åkerbønner i vekstskifte. Og kraftfôrindustrien reknar økonomien i å bruke norskproduserte åkerbønner og erter som bra med dei rammevilkåra som vert praktisert, der norske erter og åkerbønner vert skildra som attraktive råvarer i forblandingane.

**Dermed står ikkje** økonomi og lønsemd fram som noko avgjerande hinder i verdikjeda for verken å dyrke meir åkerbønner og erter eller for å bruke meir av råvarene i kraftfôret.

**For å legge betre til rette** for betydeleg meir vekstskifte med åkerbønner og erter, samt å få ei effektiv og rasjonell verdikjeda for å handtere råvarene, vil det å prioritere risikodempande tiltak og stilulere til kompetanseheving blant bøndene vere målretta ut frå kartlegginga av flaskehalsar.

**I ein lengre tidshorisont**, vil det å ruste opp kapasiteten blant kornmottaka vere hensiktsmessig. Fleire, større og oppgraderte mottak vil gjere leveransane lettare for bøndene, samstundes som det vert lettare for industrien å få ei god og effektiv handtering av råvarevoluma for foredling til kraftfôr.